

Falske nyheiter ser ofte ut som ekte nyheiter.

STOPP.

Vekker saka sterke kjensler?

Saker som vekker sterke kjensler, blir ofte delt av mange. Ein del nettsider publiserer difor slike saker for å få mange klikk. Du bør vere ekstra forsiktig med å dele saker som vekker sterke kjensler.

Verkar saka for utruleg?

Falske saker har ofte fengande overskrifter, STORE BOKSTAVAR og utropsteikn! Ver bevisst på at ei overskrift og eit bilde ikkje gir deg heile historia. Sjokkerande overskrifter som verkar for utrulege til å vere sanne, er ofte det.

TENK.

Trur du på bildet?

Eit bilde kan også lyge. Falske, nyheitsliknande saker bruker ofte bilde som er tatt ut av sin samanheng. Moderne teknologi gjer det også enkelt å produsere falske video- og lydopptak, ofte kalla deepfakes.

Prøver saka å påverke deg?

Ei sak har som regel fleire sider. Du bør difor vere kritisk om berre ein part slepp til. Sterke politiske bodskap eller ekstreme påstandar som blir spreidd, bør du undersøke nærare.

SJEKK.

Finn du saka andre stader?

Oppsiktsvekkande nytt spreier seg raskt. Om ingen andre medium rapporterer om det same, kan det bety at saka er falsk.

Kven står bak saka?

Sjekk adresselina til nettstaden. Falske nyheiter har ofte ei nettadresse eller ein utsjånad som liknar på ei kjent nyhetsskjelde. Sjekk avsendar og kva andre seier om kjelda.

Fleire råd om korleis du avdekker falske nyheiter finn du på medietilsynet.no/stopp-tenk-sjekk

 Medietilsynet

I samarbeid med:



Faktisk.

 dsb

Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap